



**LEIKANGER  
JAKT- OG FISKELAG**

## **ÅRSMELDING LEIKANGER J.F.L. 1995**

I 1995 hadde Leikanger J.F.L. 83 betalande medlemer, som er ein auke på 7 medlemer frå i fjor.

Det vart halde 4 styremøte der 11 saker har vore på saklista. Mesteparten av tida på styremøta har gått med til planlegging av den nye leirduebana og lagshytta, og no i den seinare tid til flytting av heile baneanlegget ned på Kvålen.

Laget har vore i møte med kommunen, Sognekraft og skyttarlaget om planane av den nye bana. Også formannen i grendalaget på Njøs har vore informert om den nedre delen av Njøsavegen fram til det nye baneanlegget.

Laget har arrangert den obligatoriske delen av jegerprøven med 8 deltakrar.

Også i år arrangerte laget lysbilete-show på Sognefjord Hotell, der Morten Brekke syntte nye seriar lysbilete med lyd og kommentarar frå jakt- og fiskeopplevelingar i Alaska og Canada.



## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

### ÅRSMELDING JAKTUTVALET 1995

Det har vore mindre aktivitet på leirduebana i året som har gått. Det har vore trening på bana tysdagar og fredagar frå mai til byrjinga av september. Bana var stengt i ca. ein månad i ferien.

Laget har arrangert 3 dagar med opne stemne med eit gjennomsnitt på 21 skyttarar kvar dag. Dette er ein nedgang på 4 frå i fjar.

#### Pinsekarusellen

Pinsekarusellen vart også i år vunnen av Kurt Langeteig som skaut 117 tr. + 25 tr. i finalen. Det var det første nappet i den nye vandrepokalen(EVT). Den gamle vandrepokalen vann Kurt Langeteig til odel og eige i fjar.

#### Vestlandsmeisterskapet

Kurt Langeteig vart vinnar av kl. A og Vestlandsmeister etter omskyting mot Gunnar Unneland(kl. B) som begge hadde 74 tr. etter finalen. Leikanger J.F.L hadde med 6 skyttarar på VM. Andre som fekk premie utanom Kurt Langeteig, var Frode Husum med 3. pr. i kl. B og Nils Ove Langeteig med 5. pl. i kl. B.

Leikanger J.F.L vart vestlandsmeister for 3-mannslag for andre året på rad. Kurt Langeteig, Frode Husum og Odd Reksnes var med på laget som etter ei lang omskyting mot Askvoll/Holmedal, vann med eit treff.

Det deltok i alt 19 lag på lagkonkurransen der 2.laget til Leikanger J.F.L vart nr. 10. Med på dette laget var Nils Olav Langeteig, Steinar Berkvam og Svein Inge Lundheim.

#### Fylkesmeisterskapet

Leikanger J.F.L arrangerte Fylkesmeisterskapet som vart vunne av Oddbjørn Mulen frå Førde. Gunnar Leknes frå Askvoll/Holmedal fekk 2. plass. 3. plassen gjekk til Frode Husum etter omskyting med Geir S. Mandelid frå Askvoll/Holmedal (4) og Nils Olav Langeteig (5). Mulen fekk også napp i vandrepokalen som er oppsett på siste stemna kvart år, og som er gitt av Inga og Sigmund Langeteig.

#### NM-Nordisk Trap på Løiten

Leikanger J.F.L hadde med 9 skyttarar på NM-Nordisk Trap. Desse fekk premie: Kurt Langeteig nr. 8 i kl. A og nr. 13 samanlagt, Frode Husum nr. 7 i kl. B og Gunnar Leknes nr. 13 i kl. B. Leikanger J.F.L stilte med 2 lag i 3-manns lagkonkurranse, der det deltok i alt 42 lag. 1. laget vart nr. 7 og 2. laget nr. 18.

#### Berretta norges-cup finale

Kurt Langeteig, Odd Reksnes, Nils Olav Langeteig og Frode Husum hadde kvalifisert seg til finalen som gjekk på Løiten. Kurt Langeteig vart nr. 2 i kl. A med 123 treff. Det var i alt 4 skyttarar som låg likt med 123 treff etter finalen. etter omskytinga fekk Kurt 3. plass totalt.

### Finalen i Sogn og Fjordane cup

Finalen vart avvikla i Førde, der Leikanger J.F.L. hadde med 5 skyttarar i finalen av i alt 10.  
Resultata vart: 1. Nils Gjelsvik, Askvoll/Holmedal

2. Frode Husum
3. Kurt Langeteig
5. Odd Reksnes
6. Nils Olav Langeteig
9. Svein Inge Lundheim.

### Lagsmeisterskapet

På lagsmeisterskapet var Frode Husum vinnar av seniorklassa og vart lagsmeister med 23 treff og fekk det første nappet i den nye vandrepokalen. Det var i alt 6 deltagarar i seniorklassen. I jegerklassen var det 5 deltagarar og Ingemar Moum vann med 20 tr.. I juniorklassa var det 2 deltagarar, og Jan Ole Reksnes vann med 17 tr.

### Duellen med Skyttarlaget

Nils Olav Langeteig vart vinnar på Kleppa med 25 treff og samanlagt med 44 treff, etter at han fekk (204p) 19 teljande på Moene. Arvid Brennset vann på Moene med 243p. I lagkonkurransen vann Skyttarlaget med 276 tr., mot Leikanger J.L.F. 261p.

### Utestemne

Ca. 10 skyttarar har vore med på utestemne i fylket og andre stader i landet. 3 skyttarar frå Førde og 1 frå Askvoll/Holmedal har vore sidemedlemer i Leikanger J.F.L. for å skyte i Nordisk-Trap.

Stemnevinnarar i 1995:

Frode Husum	2 stemne
Kurt Langeteig	4 stemne

For Jaktutvalet: Svein Inge Lundheim (form.)

*Svein Inge Lundheim*



## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

4

### ÅRSNEIDING FRÅ FISKEUTVALET FOR 1995

Også i 1995 har det vore ordning med sal av fiskekort i nedre del av Henjaelva. Elles har dei tradisjonelle fiskekonguransane vore avvikla, og det har i regi av laget vore arrangert kurs i flugefiske.

#### Konkurranse

Sjøfiskekonkurranse "Vårsprellen" vart avvikla søndag den 14. mai i strålende vårver. Dei 25 deltarane drog på land 13,725 kg. fisk.

Fam. Njøs/Storvik vann familieklassa med 1,275 kg. I dameklassa var det Anna Fjøsne som gjekk sigrande ut av konkurransen med ein samla fangst på 1,000 kg. Jan Thore Fedje vann herreklassa - både i samla kvantum, 3,0 kg, og største fisk, ein lyster på 1,035 kg. Jan Thore fekk såleis sitt andre napp i vandrepokalen som må vinnast tre ganger.

Konkurransen på Fjærlandssete gikk av stabelen den 5. og 6. august med 20 deltararar. Den ikkje ukjende storfiskaren, Nils Henjum, henta heim sigeren for flest fisk med 13 stk. Både Svein Inge Moum (9 stk.) og Ivar Ness (8 stk.) måtte "strekke stanga" for den røynde meitaren frå Brelebakken.

Likevel, det var ungguten Bjørn Magne Slinde som landa den største fisken på Fjærlandssete denne helga. 320 gram viste vekta på auren som gav siger med 20 grams margin til neststørste fisk som storebroren, Svein Jarle Slinde, fekk. Sistnemnde hadde flest fisk, 9 stk., i klassa for dei under 16 år.

Det var ingen fangst på fluge denne gangen.

Arrangementet vart godt avvikla med Knut Gjerde og Rune Lundheim som ansvarlege. Veret var ikkje verre enn at det var god stemning rundt grillbålet på setrevollen om kvelden. Nemnast må det og at dåverande ordførar, Åsta Magni Hauge, prøvde fiskelukka på Fjærlandssete denne helga. Fangst vart ikkje innmeldt, men vi trur at omvisinga og kaffiserveringa i det ombygde selet til Gjerde-familien likevel gjorde turen vellukka. Det er i alle høve viktig at politikarane blir kjende med dei ulike aktivitetane som foregår i laget.

#### Fiskekortordninga

Også i 1995 fekk vi avtaler om fiske på begge sider av Henjaelva, men berre for eitt år. Det er Kolbjørn Nord som har fått i stand avtalene, organisert kortopplegget og innhenta fangstoppgåver. Kortsælet er det Esso-stasjonen sine folk som har stått føre.

Fisketida i 1995 var den same som året før; 15/6 - 31/8.

Fangsttala viser 18 laksar, tils. 93,9 kg., og 4 sjøaurar, tils. 8,8 kg. Resultatet ligg såleis langt under 94-sesongen (149,8/10,8 kg.). Lita vassføring i elva over store delar av sesongen er medverkande til dette.

./. Kopi av fangstrapporet ligg ved.

I alt vart det selt 120 kort i 1995 (145 i fjor), med ei inntekt på kr. 5820,- (5960,- 1994).

Aktuelle saker/spørsmål som utvalet vil arbeide vidare med når det gjeld nedre del av Henjaelva:

- \* Langtidsavtaler med grunneigarar/interessentar
- \* Fysiske tiltak i og langs elva for å betre fiskeforholda
- \* Oppfølging av invitasjon frå kommunen vedkomande samarbeid om tiltak
- \* Vurdere stenging av elva ved spesiell låg vassføring
- \* Handheving av fiskereglar
- \* Kontroll med forsuring - jfr. brev frå Leikanger komm. av 2/11 1995.

### Kurs

På vårparten annonserte vi tilbod om kurs i flugefiske med Gunnar Olsmo som instruktør. 8 - 10 unge og vaksne stilte opp dei 4 øvingskveldane vi hadde på eigdomen til Agnar Gåserud ovanfor Skahaug. Veret var ikkje med oss. Det var surt og kaldt kvar einaste maikveld, men nyttig var det og Olsmo er i stand til å tenne gnist for denne greina av fiskeporten sjølv om deltakarane er valne på fingrane. Høgdepunktet på kurset vart fisketuren til sjølvaste Lærdalselva. Mange av oss hadde nok unormal høg puls når vi prøvde flugene i hølane ved Ljøsne. Fisk eller napp vart det ikkje, men mange tips rikare i samband med praktisk flugefiske etter blankfisk.

Leikanger Jakt- og Fiskelag  
Fiskeutvalet



Åsmund Espe  
-formann-

b

Namn på fiskerettshavar eller sameige (kontaktperson)		LEIKANGER, JAKT OG FISKELAG				Elv	HENJAELVI																																																																																																																																									
Telefonnummer		V/Aasmund Espe				Fiske i kommune	LEIKANGER																																																																																																																																									
Adresse		5840 Hermansverk				Stadnavn	HERMANNSVERK																																																																																																																																									
Postnr.		Poststad																																																																																																																																														
Gardsnr.		Bruksnr.																																																																																																																																														
<b>Laks, fangst fordelt på vektklassar</b> <table border="1" style="margin-top: 10px;"> <thead> <tr> <th rowspan="2">Veke nr.</th> <th colspan="3">Under 3 kg</th> <th colspan="3">Mellom 3 og 7 kg</th> <th colspan="3">Over 7 kg</th> </tr> <tr> <th>Tal på fisk</th> <th>Samla vekt</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td><b>FISKE TID :</b> 15. juni - 31. august</td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>24</td><td>1</td><td>2.9</td><td>1</td><td>4.0</td><td>1</td><td>10.0</td><td></td><td></td><td></td></tr> <tr> <td>25</td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td></tr> <tr> <td>26</td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td></tr> <tr> <td>27</td><td>1</td><td>2.3</td><td>1</td><td>4.5</td><td>1</td><td>10.3</td><td></td><td></td><td></td></tr> <tr> <td>28</td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td></tr> <tr> <td>29</td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td>1</td><td>8.0</td><td></td><td></td></tr> <tr> <td>30</td><td>1</td><td>1.8</td><td>1</td><td>6.3</td><td>1</td><td>8.5</td><td></td><td></td><td></td></tr> <tr> <td>31</td><td></td><td></td><td>1</td><td>6.3</td><td></td><td></td><td>3</td><td>2.0</td><td></td></tr> <tr> <td>32</td><td></td><td></td><td>2</td><td>12.8</td><td></td><td></td><td>1</td><td>6.8</td><td></td></tr> <tr> <td>?</td><td>3</td><td>4.7</td><td>2</td><td>11.5</td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td></tr> <tr> <td><b>Sum</b></td><td><b>6</b></td><td><b>11.7</b></td><td><b>8</b></td><td><b>45.4</b></td><td><b>4</b></td><td><b>36.8</b></td><td><b>4</b></td><td><b>8.8</b></td><td></td></tr> </tbody> </table>	Veke nr.	Under 3 kg			Mellom 3 og 7 kg			Over 7 kg			Tal på fisk	Samla vekt	<b>FISKE TID :</b> 15. juni - 31. august										24	1	2.9	1	4.0	1	10.0				25										26										27	1	2.3	1	4.5	1	10.3				28										29						1	8.0			30	1	1.8	1	6.3	1	8.5				31			1	6.3			3	2.0		32			2	12.8			1	6.8		?	3	4.7	2	11.5						<b>Sum</b>	<b>6</b>	<b>11.7</b>	<b>8</b>	<b>45.4</b>	<b>4</b>	<b>36.8</b>	<b>4</b>	<b>8.8</b>													
Veke nr.		Under 3 kg			Mellom 3 og 7 kg			Over 7 kg																																																																																																																																								
	Tal på fisk	Samla vekt	Tal på fisk	Samla vekt	Tal på fisk	Samla vekt	Tal på fisk	Samla vekt	Tal på fisk	Samla vekt																																																																																																																																						
<b>FISKE TID :</b> 15. juni - 31. august																																																																																																																																																
24	1	2.9	1	4.0	1	10.0																																																																																																																																										
25																																																																																																																																																
26																																																																																																																																																
27	1	2.3	1	4.5	1	10.3																																																																																																																																										
28																																																																																																																																																
29						1	8.0																																																																																																																																									
30	1	1.8	1	6.3	1	8.5																																																																																																																																										
31			1	6.3			3	2.0																																																																																																																																								
32			2	12.8			1	6.8																																																																																																																																								
?	3	4.7	2	11.5																																																																																																																																												
<b>Sum</b>	<b>6</b>	<b>11.7</b>	<b>8</b>	<b>45.4</b>	<b>4</b>	<b>36.8</b>	<b>4</b>	<b>8.8</b>																																																																																																																																								



**LEIKANGER  
JAKT- OG FISKELAG**

7

**REKNESKAPEN 1995**

**UTGIFTER**

GEBYR	192.00
FRAKT	2400.35
KURS/MØTER	4730.00
STØYBEREKNING	23937.95
DIV. UTGIFTER	6978.24
KJØP SKOT/DUER	30052.14
KIOSKVARER	2545.00
KJØP PREMIAR	6008.00
	.....
	76843.68

**INNTEKTER**

RENTEINNTEKTER	1146.00
INNTEKT TRENING-/STEMNER	23624.90
SPONSORINNTEKTER	3500.00
KONTIGENTAVREKNING	3040.00
TILSKOT JEGERPRØVEN	707.00
LODDSAL	1154.00
SAL SKOT/DUER	2374.00
INNTEKT FISKE	7200.00
	.....
	76843.68
UNDERSKOT	42745.90
	34097.78
	.....
	76843.68
	76843.68

**AKTIVA PR. 31.12.95:**

SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE	29862.77
SKOT - DUER - PREMIAR M.M.	11800.00
BYGG ANLEGG	24930.00
LEIRDUEKASTAR M/UTSTYR	34910.00

31.12.94 - 31.12.95

*Odd Reksnes*  
**ODD REKSNES**



## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

8

### Styret i Likanger Jakt og Fiskelag 1995

- B Formann: Kurt Langeteig  
A Nestformann: Kjell Erik Strand *Odd Reksnes  
Kjell Erik Strand*  
A Kasserar: Odd Reksnes  
B Sekretær: Bjørn Fjøsne  
A Styremedlem: Nils Olav Langeteig *allval*  
B Varamann: Steinar Berkvam

### Jaktutval:

- A Formann: Svein Inge Lundheim *allval*  
A Medlem: Kurt Langeteig *Steinar Berkvam*  
B Medlem: Ivar Fagerheim  
B Varamedlem: Vidar Frækaland

### Fiskeutval:

- B Formann: Åsmund Espe  
B Medlem: Steinar Røysum  
A Medlem: Frode Ljones *Rune Hünchlein*  
B Medlem: Kolbjørn Nord  
A Varamedlem: Geir Ove Røysum *allval*

### Revisorar:

- B Sverre Fossen  
A Inge Yttri *allval*

### Valnemnd:

- B Formann: Vidar Frækaland  
B Geir Nygård  
A Per Olav Henjum *allval*

### Forklaring:

- B = Ikkje på val (ved årsmøtet 1996)  
A = På val (ved årsmøtet 1996)

# Årsmøtet på biblioteket på Hilmansverk 15/3-96

- Sak 1. Godkjenninng av innkalling.  
Det var ingen merknader til innkallinger.
- Sak 2 Val av bo medlemmer til å skrive under møteprotokollen. Odd Reknes og Kjell Erick Strand vart valde til å underskrive protokollen.
- Sak 3 Førsmeldinger  
Viser til årsmeldingane.
- Sak 4 Rekneskaps. Rekneskapsen vart gjennomgått og godkjent.  
Rekneskapsen er revisert av revisorane Inge Ythri og Stein Falen.
- Sak 5 Val:  
Styre  
Mann : Odd Reknes  
Kvinne : Kjell Erick Strand  
Styremedlem : Nils Olaar Langvik
- Jahukur  
Mann : Stein Inge Sandheim  
Medlem : Stein Bergkram
- Fishubral  
Medlem : Rune Sandheim  
Vara : Geir Ove Røysum
- Revisor : Inge Ythri
- Valnemnd : Per Olaar Høyum

Sak 6 : Oppstart av hundegruppe  
Allmøtet gikk inn i at ein skulle  
først i starte hundegruppe.  
Knut Langeleg og Bjørn Bjørne fekk  
i oppdrag å dra det vidt i gang.

Sak 7 Flytting av baneanleggat på Kleppa til  
Kvålen.

Møte. Slagmølingen som vart gjord på Kleppa  
viser at sliper fra bana vilk blitt over 70 desibel  
øst på Røysalit. Planene om vidare utbygging  
på Kleppa er difor skrinlagde. Saget har fått tildekt  
myta området på Kvålen.

Odd Reksnes orienterte om det vidare arbeidet  
og om møta som han og Kurt har hatt  
med kommunen.

Først i næste bydefallst skal saget saman  
med kommunen har eit ope møtet. ~~Det~~

Dette møtet skal haldast før påske.

Bismøtet sitt posisjon på flyttinga og bad  
styrst arbeide vidare med utbyggingsplanane.

Møtet sluttet kl 21<sup>00</sup>.  
Bjørn nf.

Egil Strand

Odd Reksnes